

Marit Westergaard: *The Acquisition of Word Order: Micro-cues, information structure, and economy*. Amsterdam: John Benjamins. 245 s.

1 Innleiing

Norsk språkforskning kan ikkje skryte av ei lang og omfattande historie når det gjeld forskning på barnespråk. Særlig innoom syntaksen veit vi lite. Viktige unntak er Simonsen (1983) og Willumsen (1986) (sjå Wium & Kristoffersen 2009 for ein bibliografi), men alle desse ser på barn eldre enn 3 år. Marit Westergaard si bok *The Acquisition of Word Order* ser på kva barn produserer frå dei er nesten to år og til dei fyller tre år. Boka er såleis eit svært viktig tilskot som aukar kunnskapen vår og forståinga av kva små barn gjør når dei tileignar seg norsk.

Westergaard si bok er primært opptatt av korleis barn tileignar seg V2 i norsk, og spesifikt Tromsø-dialekten. Basert på eit omfattande korpus studerer ho mange ulike konstruksjonar relatert til V2 i norsk. Det er ikkje tvil om at boka til Westergaard er banebrytande på fleire område, både når det gjeld ny empiri ho får fram, og når det gjeld dei teoretiske analysane som ho argumenterer for – analysar som heile tida er nært knytte til data. Gjennom heile boka kontrasterer Westergaard hennar eiga tilnærming med både andre generative og ikkje-generative teoriar, noko som gjør boka til interessant lesing for folk med mange teoretiske preferansar.

I denne meldinga vil eg først gi eit samandrag av dei ti kapitla i boka før eg så går over til å diskutere nokre meir overordna spørsmål.

2 Samandrag av kapitla

Westergaard si bok er sett saman av ti kapittel. Ein del av kapitla inneheld materiale som har vore publisert i artiklar og i doktoravhandlinga hennar frå 2005, men boka er nyskriven på mange måtar, ikkje minst i høve til teoretiske analysar. Det første kapitlet, "Preliminaries", presenterer kort V2-fenomenet og den teoretiske bakgrunnen. Ein hovudtese i boka er at det ikkje finst ein enkel V2-parameter, men ulike V2-parametrar for ulike typar setningar som t.d. deklarativar og interrogativar. Westergaard byggjer her på Lightfoot (1999, 2006) sin teori om "cues". Ein "cue" er eit stykke I-språk-struktur (I i tydinga internalisert språk, jf. Chomsky 1986). Vi saknar ein god skandinavisk term for

dette (Waldmann 2008: 23 nyttar ”ledtråd”). Her vil eg kalle ein ”cue” for eit *element* sidan ein ”cue” er ein slags byggestein som barnet konstruerer grammatikken sin på grunnlag av. Westergaard utvidar Lightfoot sitt ”cue”-omgrep og snakkar om ”micro-cues”. Desse mikroelementa er mindre og ikkje ein del av I-språket på same måte som elementa er. Eg kjem attende til desse omgrepa nedanfor.

Eit viktig trekk ved Westergaard si bok er at teorien er mykje meir input-driven enn dei tradisjonelle generative teoriane. Ho seier at barn byggjer syntaktiske strukturar basert på dei følgjande tre elementa (s. 4).

- (1) a. Universalgrammatikken (UG) (universelle kategoriar/trekk og grunnleggjande syntaktiske operasjonar)
- b. input
- c. økonomiprinsipp

Økonomiprinsippa er nok dei som treng mest forklaring her. Det er to økonomiprinsipp som spelar sentrale roller for Westergaard (s. 4):

- (2) a. Bare bygg så mykje struktur som inputen gir evidens for
- b. Bare flytt element så langt som inputen gir evidens for

Som Westergaard peiker på, dette tyder at barn ikkje byggjer meir struktur enn dei har klar evidens for. Kva nøyaktig ”klar” tyder i denne samanhengen, er ikkje heilt klart.

Korpuset i boka er sett saman av tre barn frå Tromsø, Ole, Ina og Ann, alle fødde i 1995. Opptaka blei gjort i heimane deira mellom tidleg vår 1997 og sein sommar 1998, og kvar andre eller tredje veke til ungane var tre år gamle. Korpuset har 70 sesjonar og meir enn 40 000 ytringar, så det burde gi eit godt bilete av utviklinga.

Kapittel 2, ”Word order variation and the structure of the target language”, gir eit oversyn over variasjonen som finst på tvers av språk og dialektar når det gjeld V2. Westergaard fokuserer særleg på Tromsø-dialekten, naturleg nok, og syner at valet mellom V2 og ikkje-V2 er avhengig av setningstype, kva kategorien er til det setningsinitiale elementet og informasjonsverdien til subjektet. Det siste er eit viktig moment som går som ein råd traud gjennom boka, nemleg at V2 blir valt når subjektet inneheld ny informasjon eller ber fokus. Eit døme på dette er gitt i dialogen i (3) (s. 26), der INV står for ”investigator”.

- (3) INV: Kor **er skoan hannes** henne?

OLE: Ja?

INV: Kor **dem er** henne?

Westergaard syner seinare i boka at barna tar opp dette mønsteret svært tidleg og produserer det slik ein skulle vente i forhold til kva dei vaksne gjør. Ho presenterer også data som syner skilnaden mellom monosyllabiske *kv*-ord og andre *kv*-ord i Tromsø-dialekten, noko vi også finn i andre norske dialektar (sjå mellom anna Åfarli 1985, 1986, Lie 1992, Vangsnes 2005). Eit typisk døme ser vi i (4)-(5).

(4) Ka slags bil **kjøpte du?**/*Ka slags bil du kjøpte?

(5) Ka **legen sa?**/Ka **sa legen?**

Sidan vi finn så mykje variasjon, argumenterer Westergaard overtydande for at det ikkje kan dreie seg om ein enkelt V2-parameter eller eit enkelt V2-element slik Lightfoot har hevda. Lightfoot meiner V2-elementet ser ut som i (6) (s. 14).

(6) $CP[XP_C V\dots]$

Dette elementet seier at det må vere ein frase til venstre for C-hovudet som har eit verb som har flytt til dette hovudet. I kapittel 3, "The syntax of V2 and a model of micro-cues", argumenterer Westergaard i staden for ein analyse der mikroelementa t.d. ser ut som i (7) og (8) (s. 53).

(7) Mikroelement for V2 i kv-spørsmål: $IntP[wh_{Int^c} V\dots]$

(8) Mikroelement for V2 i deklarativar: $DeclP[XP_{Decl^c} V\dots]$

Analysen er inspirert av Rizzis (1997) modell for setningsperiferiar. Westergaard argumenterer for at ein slik periferi iallfall må innehalde følgjande projeksjonar:

(9) $[\{Dec(larative)P, Int(errogative)P, Pol(arity)P, Excl(amative)P, Imp(erative)P\}$
 $[TopicP [FocusP [TopicP [FiniteP [IP \dots [VP]]]]]]$

Med andre ord så har denne modellen ulike projeksjonar for ulike setningstypar, noko som er ein måte å gjøre informasjonsstrukturen syntaktisk (sjå også t.d. Bech 2001 om dette).

Ein må spørje seg korleis mikroelementa i (7) og (8) "kjem fram". For Lightfoot er dette klart: eit element er ein del av UG og det er derfor obligatorisk. Med andre ord ser Lightfoot på element som poverty-of-stimulus tilfelle, det vil seie tilfelle der UG blir involvert fordi barn ikkje kan tileigne seg strukturen basert på dei data som verkar å vere tilgjengelege. Westergaard argumenterer i dette kapitlet for at elementa ikkje er ein del av UG. Dei er rett nok konstruert på grunnlag av dei kategoriane og trekka som finst i UG,

men element som (7) og (8) er ikkje ein del av UG. Dette er ein viktig skilnad i høve til tradisjonell generativ tankegang der mange har tenkt seg at variasjonen har vore prespesifisert, nærast som eit brytarpanel (Chomsky 1981 og forskinga frametter har særleg vore ein eksponent for dette synet). Westergaard seier korrekt at innom nyare generativ grammatikk så forsøker ein å redusere UG så mykje som muleg (Chomsky 2005) og heller leggje meir vekt på generelle kognitive prinsipp. På mange måtar har dette vore del av iallfall Chomsky sitt program sidan starten (jf. Chomsky 1965: 59), men av ulike grunnar er det først i dag at vi har komme så langt i forståinga vår av språkevna at det har vore muleg å t.d. seie at vi ikkje vil ha ein eigen bindingsmodul eller kontrollmodul. Westergaard byggjer på dette synet og det gjør det muleg for henne å utvikle ein teori om korleis barn tileignar seg språk som ligg nærare språkbruken enn dei fleste tidlegare generative teoriar. Derfor snakkar ho ein heil del om frekvens, og eit av måla i boka er å syne at i mange tilfelle har mikroelementa låg frekvens, men at dei likevel blir tileigna i svært ung alder.

”The input” er tittelen på kapittel 4. Her går Westergaard gjennom data frå dei vaksne i korpuset og gir frekvensar for mikroelementa. Ho syner at setningar med V2 er frekvente, mens ikkje-V2 setningar utgjør rundt 10 % av inputen. Westergaard argumenterer også for eit viktig metodisk poeng i dette kapitlet, nemleg at frekvensen for ulike setningstypar ikkje skal kalkulerast på grunnlag av den totale inputen. I staden bør ein sjå på kvar setningstype for seg. Dette følgjer av den teoretiske tilnærminga: Dersom mikroelementa er element som barn ser etter i inputen, så vil bare den relevante konteksten til kvart mikroelement vere relevant for tileigninga av ein I-språk-struktur som utgjør det aktuelle mikroelementet. Så vidt eg veit, så er dette ein ny måte å rekne frekvens på, men ein måte som Westergaard argumenterer overtydande for.

Den empiriske hovuddelen av boka finn ein i kapitla 5–9. Westergaard er særleg opptatt av å sjå funna sine i lys av tidlegare forskning og kva prediksjonar denne gjør, men også å argumentere for at hennar generative tilnærming er betre enn andre generative teoriar og reint bruksbaserte teoriar av ulike slag. Kapittel 5, ”The acquisition of word order in non-subject-initial declaratives”, startar denne bolken og syner at barna produserer riktige V2-strukturar frå den augneblinken dei kan produsere ytringar av fleire

ord. Westergaard syner også at eksepsjonelle ikkje-V2 setningar med spesifikke adverb, som i (10) (s. 94), er på plass veldig tidleg.

(10) Kanskje det var en anna dag. (Ina 2;2.12)

Ho ser også på andre ikkje-V2 strukturar som ikkje inneheld adverb og som ikkje finst i målgrammatikken, og syner at barna er svært sensitive til informasjonsstrukturen. V2 førekjem ved subjekt som ber ny informasjon, mens ikkje-V2 førekjem ved subjekt som ber gitt informasjon. Særleg interessant er det at nesten alle ikkje-V2 døma er tilfelle der barnet nyttar sitt eige namn (eller subjektet er eit pronomen). Barna produserer altså noko som ser ut til å vere regelstyrt utan at dei har evidens frå inputen.

(11) der **Ina gjemte** det (Ina 2;1.0)

Gitt det tradisjonelle synet om at pragmatikk er noko som barn meistrar seint, så er slike resultat særst relevante, og Westergaard nyttar dei til å argumentere mot eit slikt syn og for eit syn der barn er sensitive til pragmatikk frå starten av.

Neste kapittel, ”The acquisition of word order in subject-initial declaratives”, syner at V2 førekjem tidleg også i subjektsinitiale deklarativsetningar. Westergaard syner at det er eit samband mellom V2 og finittheit: verbet kjem føre negasjonen ved finitte verb og etter negasjonen ved infinitte verb. Eit anna interessant funn er at V2 ikkje blir tileigna noko seinare i norsk enn i språk som er morfologisk rikare, noko ein del teoriar som har eit tett samband mellom morfologi og syntaktiske flyttingar predikerer (t.d. Rohrbacher 1999 som meiner at kor rik morfologien er, avgjør kor høgt ein konstituent flyttar i eit tre). Når det gjeld strukturar med verb føre negasjon, så argumenterer Westergaard for at desse har eit skjult hjelpeverb (oftast eit modalverb). Det vil seie at (12a) eigentleg har strukturen i (12b) (s. 122).

(12) a. Nei **ikkje gjøre** det. (Ina 2;7.22)
b. Nei **MÅ ikkje gjøre** det.

Westergaard ser også på konstruksjonar med fokussensitive adverb, som i (13).

(13) Æ **bare låne** han. (Ann 2;3.9)

Desse blir korrekt tileigna svært tidleg, noko Westergaard meiner støttar synet på at barn er ekstremt sensitive til input og er i stand til å plukke opp svært finmaska skilnader.

Kapittel 7, ”The acquisition of word order in *wh*-questions”, handlar om at barn produserer både V2 og ikkje-V2 i spørsmål med monosyllabiske *kv*-ord veldig tidleg.

Alle *kv*-spørsmåla, med tre unntak som Westergaard ser spesielt på, førekjem med finitte verb, uavhengig av om dei har V2 eller ikkje. Med andre ord ser ikkje finittheit ut til å vere direkte knytt til verbflytting. Dette kapitlet syner også at barn tidleg lærer at skilnaden mellom V2 og ikkje-V2 heng saman med informasjonsstrukturen i Tromsø-dialekten. Med andre ord produserer dei ytringar som følgjer dei same mønstra som Westergaard finn hos vaksne språkbrukarar. Dei fleste ytringane som ikkje er i tråd med målgrammatikken, er ytringar der eit eller anna element manglar: eit verb, *kv*-ordet, eller i meir sjeldne tilfelle: subjektet.

Kapittel 8, "The acquisition of word order in *yes/no*-questions", deler data inn i tre typer: ikkje-finitte setningar med eit hjelpeverb som manglar, intonasjonsspørsmål og målrette VSX-strukturar. Dei fleste feila barna gjør, syner Westergaard er feil der dei utelet noko. Ho syner også at barna tileignar seg *ja/nei*-spørsmål annleis enn ikkje-subjektsinitiale deklarativar og *kv*-spørsmål, noko som ho argumenterer for at underbyggjer ein mikroelementmodell sidan ein slik modell predikerer at barn ikkje generaliserer frå ein setningstype til ein annan.

Ikkje-V2 kontekstar som t.d. eksklamativar, indirekte spørjesetningar og alle leddsetningar med negasjon eller setningsadverb er tema for kapittel 9, "The acquisition of word order in non-V2 contexts". Felles for desse kontekstane er at dei ikkje er frekvente. Trass i det produserer likevel barna korrekte strukturar i både eksklamativar og indirekte spørjesetningar. I den tredje konteksten, derimot, har dei fleste ytringane verb-negasjon/adverb rekkefølge. Westergaard argumenterer for at dette skyldast ein feilanalyse der dei nyttar inputen i hovudsetningar som element for V-til-I flytting. Ei slik generalisering er muleg fordi IP-domenet er felles for alle setningstypar, mens CP-domenet varierer frå setningstype til setningstype. Feilanalysen kjem av at barn nyttar eit økonomiprinsipp for flytting, nemleg (2b).

Det siste kapitlet, "Micro-cues, information structure, and economy", syntetiserer resultatata i boka og diskuterer ein del meir generelle spørsmål. Dette gjeld særleg sensitiviteten til informasjonsstruktur som barn syner og korleis denne formelt kan implementerast, men også korleis ytringar som ikkje er målkonsistente, kan gjørast greie for.

3 Diskusjon

Det er ikkje tvil om at dette er ei viktig bok, både fordi ho tar føre seg eit område av norsk barnespråkforskning som nesten ikkje er utforska, men også fordi ho har mange teoretisk interessante analysar. Her er det ikkje rom for å diskutere alle, så eg vil fokusere på eit par meir teoretiske spørsmål.

Sidan det er viktige skilnader mellom Lightfoot sine element og Westergaard sine mikroelement, så er eit interessant spørsmål kva forholdet er mellom desse elementa. På side 52 diskuterer Westergaard kort dette. Ho seier at elementa er forskjellige på to vesentlege punkt: (1) mikroelementa må formulerast i høve til spesifikke språklege kontekstar som t.d. setningstype, mens elementa er meir generelle. (2) mikroelementa ”are not considered to be part of the linguistic knowledge provided by UG, but assumed to be the result of the interaction between the genetic language faculty and the triggering experience in the input”. Desse er klart viktige skilnader, men det er ein annan skilnad som eg tykkjer kunne vore diskutert meir. Westergaard seier at “... the micro-cues trigger the syntactic operations necessary to derive the syntactic structures that correspond to target-consistent output” (s. 64–65). Det er ikkje klart for meg korleis mikroelementa fungerer som triggarar, noko Westergaard også vedgår lenger ned på s. 65: “... the status of the micro-cues in an adult grammar is not completely worked out with respect to the syntactic operations that are triggered by micro-cues”. Etter mitt syn er dette eit viktig spørsmål som eg skulle ønskje at Westergaard hadde gitt meir merksemd. Dersom mikroelementa fungerer som triggarar for syntaktiske operasjonar, korleis blir dei triggarar? Og kva slags triggarar er dei? Vil dei vere som andre trekk som minimalistar reknar med triggar flyttingar, eller vil dei vere meir som filter som opererer på representasjonar og ”kastar vekk” representasjonar som ikkje stemmer med mikroelementa? Ein kan tenkje seg begge mulegheiter og det hadde vore interessant å lese meir om Westergaard sitt syn på dette.

Problemstillinga er ikkje så triviell som ho kanskje kan verke. Fleire stader gjør Westergaard val med omsyn til kva for analyse ho vel (s. 49). T.d. gjeld dette verbflytting. Er det verba sjølv som flyttar, eller flyttar verbet som ein del av ein større konstituent (såkalla ”remnant movement”)? Westergaard følgjer den første analysen (s. 37), og det er ein analyse som fint er kompatibel med måten ho formaliserer

mikroelementa på. Men dersom den andre analysen er korrekt, så vil det ha konsekvensar for korleis mikroelementa blir formalisert og for korleis dei fungerer som triggarar. Mikroelementa vil jo bli formalisert basert på kva ein antar er dei fundamentale og universelle trekka, men sidan Westergaard argumenterer for at dei også er triggarar, så kan eg ikkje sjå anna enn at formaliseringa då også vil vere avhengig av dei spesifikke analysane. Dette kunne ha vore gjort klarare i boka.

Eg lurar også litt på kva Westergaard tenkjer om Lightfoot sine originale element. Ho har heilt klart synt at det ikkje finst eit V2-element, men Lightfoot (2006) argumenterer for fleire element enn bare V2-elementet. Dessutan, dersom elementa er motiverte ut frå poverty-of-stimulus omsyn, så trengst det heilt klart meir forskning for å finne ut om dei verkeleg er poverty-of-stimulus element, eller om dei kan formulerast som mikroelement. I alle tilfelleså hadde det vore fint med ein diskusjon av dette emnet.

Det er mange interessante data og analysar som eg ikkje har diskutert her. Westergaard si bok vil heilt klart bli eit referanseverk for dei som vil forske meir på tileigning av syntaks for norsk. Boka er også viktig i eit teoretisk perspektiv, ikkje minst fordi ho er den første til å utvikle ein (mikro)element-analyse basert på tileigningsdata. Eg kan varmt tilrå boka for alle som er interesserte i korleis norske barn tileignar seg norsk og/eller i teoretiske spørsmål knytt til V2 og språkleg variasjon meir generelt.

Litteratur

Bech, Kristin 2001: *Word Order Patterns in Old and Middle English*. PhD-avhandling, Universitetet i Bergen.

Chomsky, Noam 1965: *Aspects of the Theory of Syntax*. Cambridge, MA: The MIT Press.

Chomsky, Noam 1981: *Lectures on Government and Binding*. Dordrecht: Foris.

Chomsky, Noam 1986: *Knowledge of Language*. New York: Praeger.

Chomsky, Noam 2005: Three Factors in Language Design. *Linguistic Inquiry* 36, 1–22.

Lie, Svein 1992: Ka du sei? *Maal og Minne*, 62–77.

Lightfoot, David 1999: *The Development of Language: Acquisition, Change and Evolution*. Oxford: Blackwell.

Lightfoot, David 2006: *How New Languages Emerge*. Cambridge: Cambridge

- University Press.
- Rizzi, Luigi 1997: The fine structure of the left periphery. Haegeman, Liliane (red.), *Elements of Grammar*. Dordrecht: Kluwer, 281–337.
- Rohrbacher, Bernhard Wolfgang 1999: *Morphology-Driven Syntax: A Theory of V to I Raising and Pro-drop*. Amsterdam: John Benjamins.
- Simonsen, Hanne Gram 1983: *En norsk femårings språkbruk: syntaktiske mønstre, struktur og funksjon*. Oslo: Novus.
- Vangsnes, Øystein A. 2005: Microparameters for Norwegian *wh*-grammars. *Linguistic Variation Yearbook* 5, 187–226.
- Waldmann, Christian 2008: *Input och output: Ordföljd i svenska barns hovudsatser og bisatser*. PhD-avhandling, Lunds Universitet.
- Willumsen, Ragnhild 1986: Barn-voksen dialoger: en analyse av syntaks og dialog hos norske 3- og 4-åringer. Cand.philol-avhandling, Universitetet i Trondheim.
- Wium, Kristin & Kristian Emil Kristoffersen 2010: Språkutvikling hos norske barn – en bibliografi. Version av 07.01.10, nedlasta frå <http://www.hf.uio.no/iln/forskning/forskergrupper/klinisk-ling/bibliografi/>
- Åfarli, Tor A. 1985: Absence of V2-effects in a dialect of Norwegian. *Working Papers in Scandinavian Syntax* 22, 1–21.
- Åfarli, Tor A. 1986: Some syntactic structures in a dialect of Norwegian. *Working Papers in Linguistics* 3, 93–111.

Terje Lohndal

Department of Linguistics
1401 Marie Mount Hall
University of Maryland
College Park, MD 20742
USA

terje@umd.edu

[Mottatt 7. januar 2010]